

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

HØYRINGSSVAR FRÅ PELAGISK FORENING FORSLAG OM KRAV TIL RISIKOREDUSERANDE TILTAK MOT KJØNNSMODNING OG GYTING VED TORSKEOPPDRETT

Pelagisk Forening viser til høyringsbrev av 21.2.2025.

Torskefiskeriet er eit av dei viktigaste fiskeria i landet, og spesielt viktig i Nord-Noreg. Det er difor svært viktig å unngå at oppdrettstorsk blandar gena sine med vanleg torsk.

Pelagisk Forening meiner at det er svært viktig å unngå genetisk blanding av oppdrettstorsk og vanleg torsk. Dette både ved gyting i merd, og etter rømming. Risikoen for genblanding må reduserast til eit absolutt minimum.

Som kjent er bestanden av kysttorsk urovekkande låg, og det er innført ei rekke forbod mot yrkesfiske for å bygga opp att bestanden av kysttorsk.

Torskeoppdrett skjer kystnært, og i stor grad nær kjente gytefelt for kysttorsk. Det er difor naudsynt med ei «føre var-tilnærming» òg her.

Pelagisk Forening støttar difor at Fiskeridirektoratet skal ha høve til å pålegga utslakting for å sikra omsynet til vanleg torsk. Samstundes er slike pålegg svært inngripande for oppdrettarar som får slike pålegg. Det må difor vera god visse for at utslaktingsvedtak ikkje er fatta på feil faktisk grunnlag.

Pelagisk Forening støttar difor forslaget om krav til dokumentasjon av kjønnsmodningsstatus, og krav om at best tilgjengeleg kunnskap skal inngå. Innhaldet i krava bør presiserast nærare.

Pelagisk Forening støttar òg at krav om at torskeoppdrettarar må ha ein beredskapsplan for forsert slakting.

Pelagisk Forening støttar og overtredingsgebyr som reaksjonsform, men stiller spørsmål om lovgjevar bør vurdere strengare reaksjonsformer i tillegg.

Pelagisk Forening er einig i at krav, for å hindre kjønnsmodning og gyting, ved torskeoppdrett i merd, blir fastsett i forskrift.

Dokumentasjonskrava knytt til overvakinga bør spesifiserast nærare. Forskrifta bør òg fastsetja kva som er eit representativt utval for avliving og visuell inspeksjon av gonadane.


Torskeoppdrett er ei relativt ny næring. Styresmaktene bør difor følja næringa tett, og endra krav og regelverk, dersom dette er naudsynt for å unngå genetisk blanding av oppdrettstorsk og vanleg torsk.

Bergen: 1.4.25.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar